



## KI-notat nr.: 105/2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	<b>Voss Energi/Palmafossen kraftverk</b>		Middelthuns gate 29
Fylke/kommune:	Hordaland/Voss		Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: <i>Øystein Grundt</i>	Telefon: 22 95 95 95 Telefaks: 22 95 90 00
Saksbehandler:	Kirsten Marthinsen	Sign.: <i>Kirsten Marthinsen</i>	E-post: nve@nve.no Internett: www.nve.no
Dato:	<b>17 DES 2010</b>		Org. nr.: NO 970 205 039 MVA
Vår ref.:	NVE 200800180-26		Bankkonto: 0827 10 14156
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

## Søknad om tillatelse til opprusting og utvidelse av Palmafossen kraftverk i Voss kommune, Hordaland fylke

### Innhold

Sammendrag .....	2
Søknad .....	3
Høring og distriktsbehandling .....	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene .....	13
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse .....	20
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader .....	21
NVEs vurdering .....	26
NVEs konklusjon .....	31

## Sammendrag

Voss Energi AS har søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å ruste opp og utvide Palmafossen kraftverk i Raundalselva i Voss kommune. Kraftverket har i dag en installert effekt på 310 kW og største slukeevne er 3 m<sup>3</sup>/s. Etter utvidelse vil kraftverket få en effekt på 3,6 MW og største slukeevne vil være 30 m<sup>3</sup>/s. Det vil benytte et fall på 14 meter som i dag, og midlere produksjon er antatt å øke fra 1,8 til 16,3 GWh per år.

Utbyggingsområdet ligger i et næringsområde og er betydelig påvirket av inngrep, med vannkraftutbygging, fisketrapp, bru, nedlagt sagbruk mv. Opprustingen vil innebære at det bygges ny dam med labyrintoverløp og ny inntakskanal. Kanalen vil bli trukket helt inn mot skråningen opp til Palmafossen skule. Det gamle kraftverket vil bli revet og et nytt, noe større bygg oppført på samme sted.

Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen i Hordaland er imot at det gis tillatelse til opprusting og utvidelse av Palmafossen kraftverk etter de foreliggende planene. De mener at tiltaket må avslås på grunn av konsekvensene for fisk i et nasjonalt laksevassdrag og verna vassdrag med en særegen og trua laksestamme. Fylkesmannen nevner også at økt slukeevne vil gi betydelig mindre vann i fossen, noe som vil redusere den estetiske verdien og være i strid med grunnlaget for vernevedtaket. Mange av de øvrige høringsuttalelsene foreslår en rekke avbøtende tiltak knyttet til minstevannføring, utbedring og overvåking av laksetrappa og tilpassing av anleggsperioden. Fylkeskommunen ønsker også at en eventuell utbygging tilpasses de kulturhistoriske kvalitetene i området og at den gamle kraftstasjonen dokumenteres før den eventuelt rives.

Vossovassdraget er både et nasjonalt laksevassdrag og vernet vassdrag. Vossolaksen er en truet storlaksstamme som det er satt inn store ressurser på å redde. Oppstrøms Palmafossen er det 7-8 km egnet gytestrekning og det er i de senere årene registrert naturlig rekruttering av laks oppstrøms fossen, noe som tyder på at laksetrappa virker. Det blir også satt ut en del fisk fra Voss klekkeri. Elvestrekningen oppstrøms Palmafossen kan dermed bli viktig i arbeidet med å revitalisere laksestammen i Vosso.

Tiltaket vil medføre sterkt redusert vannføring og endrede strømforhold i og ved Palmafossen, og NVE mener tiltaket vil gi betydelige negative konsekvenser for fisk. Landskap og kulturminner vil også kunne bli noe påvirket. Vi kan ikke se at avbøtende tiltak vil redusere skadevirkningene for allmenne interesser til et nivå som etter vårt syn vil være akseptable

Det kan gis tillatelse til at eksisterende anlegg i et vernet vassdrag kan utvides dersom forholdene i vassdraget etter en samlet vurdering vil være miljømessig like gunstige som før ombyggingen, jf. vannressursloven § 35, 1. ledd, post 6. NVE mener en økning i slukeevne fra 3 m<sup>3</sup>/s til 30 m<sup>3</sup>/s vil ha virkninger for laks i et slikt omfang at dette kravet ikke kan anses som oppfylt. NVE skal i avgjørelser i verna vassdrag legge vesentlig vekt på hensynet til verneverdier jf. vannressursloven § 35, 1. ledd, post 8. Fiskeinteresser, herunder laks, er et av temaene som var grunnlag for vern av vassdraget. Vassdraget har også status som nasjonalt laksevassdrag, og beskyttelsesregimet for slike vassdrag innebærer at det ikke skal gjennomføres nye tiltak som kan være til nevneverdig skade for laksen.

**NVE mener at ulempene ved opprusting og utvidelse av Palmafossen kraftverk i form av negative konsekvenser av betydning for laks er større enn fordelene. Kravene i vannressursloven §§ 25 og 35, 1. ledd, post 6 og 8 er ikke oppfylt. Tiltaket vil også være i konflikt med gjeldende beskyttelsesregime for laks i nasjonale laksevassdrag. NVE avslår søknaden fra Voss Energi AS om tillatelse til opprusting og utvidelse av Palmafossen kraftverk.**

## Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Voss Energi AS, datert 25.9.2009:

*Voss Energi AS ønsker å opprusta og utvida det eksisterande Palmafossen kraftverk i Raundalselva og søker hermed om følgjande løyve:*

1. Etter vassressurslova , jf. § 8, om løyve til:

- Opprusting og utviding av Palmafossen kraftverk i samsvar med framlagde planar.

2. Etter energilova om løyve til:

- Opprusting, utviding og vidare drift av Palmafossen kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden.

### Palmafossen kraftverk, hoveddata

TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	520,3
Årlig tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>	1100,6
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	67,1
Middelvannføring	m <sup>3</sup> /s	34,9
Alminnelig lavvannføring	m <sup>3</sup> /s	2,0
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m <sup>3</sup> /s	10,5
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m <sup>3</sup> /s	3,4

### KRAFTVERK

Inntak	moh.	79
Avløp	moh.	65
Lengde på berørt elvestrekning	m	90
Brutto fallhøyde	m	14
Midlere energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>	0,033
Slukeevne, maks	m <sup>3</sup> /s	30
Slukeevne, min	m <sup>3</sup> /s	6
Tilløpsrør, diameter	mm	3650
Kanal, tverrsnitt	m <sup>2</sup>	15
Kanal, lengde	m	65
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	12
Installert effekt, maks	MW	3,6
Brukstid	timer	4530

### MAGASIN

Magasinvolument	mill. m <sup>3</sup>	0
HRV	moh.	79
LRV	moh.	79

### PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	5,2
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	11,1
Produksjon, årlig middel	GWh	16,3

**ØKONOMI**

Utbyggingskostnad	mill.kr	49,7
Utbyggingspris	kr/kWh	3,05

**Palmafossen kraftverk, elektriske anlegg**

<b>GENERATOR</b>		
Ytelse	MVA	4,0
Spenning	kV	6,6
<b>TRANSFORMATOR</b>		
Ytelse	MVA	4,0
Omsetning	kV/kV	6,6/22
<b>NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)</b>		
Lengde	km	120
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		jordkabel

**Høring og distriktsbehandling**

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Voss kommune har i kommunestyremøte den 10.12.2009 vedtatt følgende:

*"Voss kommune ser positivt på ei utbygging som planlagt og vil tilrå at søknaden vert godkjend. Som eit avbøtande tiltak bør laksetrappa i fossen opprustast og det bør utmonterast eit overvåkingskamera for overvaking av oppgangen.*

(...)

**ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:**

*Søknaden frå Voss Energi er eit godt eksempel på at det er muleg å ta ut større energiproduksjon av eksisterande kraftverk. Planane legg opp til ei skånsam opprustning og utviding av anlegget utan vesentleg skadeverknader på andre interesser. Dei største naturfaglege interessene i området er knytta til Vossolaksen som er påvist å gå opp Palmafossen (via laksetrappa). Ved å setja krav om minstevassføring som planlagt vil ein truleg sikra nok vassføring til at laksesmolten ikkje vert hindra i si vandring mot havet. Tilsvarande må det sikrast nok vassføring i laksetrappa slik at ein ikkje hindrar oppgåande laks på hausten. Som eit avbøtande tiltak bør ein i samarbeid med Voss Klekkeri oppruste laksetrappa i fossen (for å auke oppvandring av laks) og vurdere om det kan monterast eit overvåkingskamera i trappa som kan nyttast i forvaltinga og ev. som eit opplevingstilbod. På sørsida av utbyggingsområdet finst det ei oppgangssag som har verdi som eit kulturminne i området. Ein kan ikkje sjå at ei utbygging som planlagt vil få konsekvensar for denne. Ei utbygging som planlagt vil kunne produsere ny rein energi utan at den medfører vesentlege skadeverknader på andre samfunnsinteresser. Utbygginga bør derfor kunne tillatast sjølv om anlegget ligg i eit verna vassdrag og har status som eit nasjonalt laksevassdrag."*

Fylkesmannen i Hordaland skriver i brev av 4.12.2009:

"(...)

#### *Fylkesmannen sin vurdering av prosjektet*

*Palmafossen kraftverk ligg i den verna delen av Vossavassdraget. Stortinget vedtok i 2005 (Innst S. nr. 116 (2004 -2005) Supplering av Verneplan for vassdrag) at det skal være mogleg å få konsesjon til bygging og drift av kraftverk med momentaneffekt opp til 1 MW i verna vassdrag. Det vert søkt om å auke effekten i kraftverket til 3,6 MW. Vert denne auken godkjent er dette i strid med Stortingsvedtaket frå 2005 og søknaden bør derfor i utgangspunktet avvisast på dette grunnlag.*

*Eit av vilkåra for å kunne godkjenne kraftverk i verna vassdrag er at verneverdiane ikkje vert rørt ved. Tidligere er det opna opp for å kunne gi løyve til opprusting og utviding av kraftverk i verna vassdrag.*

*Vossavassdraget oppstraums Vangsvatnet vart verna mot kraftutbygging i Verneplan III (1984-85). Vassdraget vart verna for sine store verdiar for vilt- og fiskeinteresser, friluftsliv, kulturminne og natur/landskap. Saman med vernet av nabovassdrag ville vernet av Vossavassdraget beskytte eit større, samanhengande natur- og friluftsområde. Det er laga ein eigen differensiert forvaltningsplan for vassdraga i Voss kommune, inkludert Vossavassdraget. Her er dei ulike delane av nedslagsfeltet verdivurdert ut frå prinsippa i RPR for verna vassdrag.*

*Palmafossen kraftverk inklusiv inntaksdam, vassveg og tilkomstveg, ligg i nedre del av Raundalselva over ein strekning å på ca. 90 m. Kraftverket er alt i dag relativt godt synleg i landskapet og ei mindre opprusting av kraftverket vil i liten grad endre dette forholdet. Ny kraftstasjon er planlagt på same staden som tidlegare og ny vassveg blir liggjande parallelt med eksisterande røyrgate. Området som kraftverket ligg i må reknast som tettbygd og ber i stor grad preg av tekniske inngrep.*

*Sjølv om omsøkte prosjekt kan vurderast å ha små inngrep, vil prosjektet etter Fylkesmannen sin vurdering vere i strid med det som låg til grunn for vernevedtaket. Etter ei opprusting av kraftverket vil vassføring i Palmafossen i 11 av årets månader bli sterkt redusert. Sjølv med ei pålagt minstevassføring vil dette, over ei kortare strekning føre til ei vesentleg endring av Raundalselva sitt særpreg og spesielt Palmafossen sin estetiske verdi. Etter Fylkesmannen sin vurdering vil den føreslegne minstevassføringa på 2 m<sup>3</sup>/s ikkje på nokon måte kunne kompensere desse verdiane. Raundalselva har svært høg vernestatus og estetisk vil alle former for inngrep, store som små, ha negativ karakter.*

#### *Fisk*

*Laksen i Vosso er sterkt truga av utrydding. Den er rekna som verdens største, atlantiske laks, og spesielt verneverdig. Det blir brukt store ressursar på å prøve å redde den. Laksen gyt også ovanfor Palmafossen, men i lite omfang førebels. Området over fossen vert nytta til utsetting av lakseyngel, og produserer difor ein stor mengde laksesmolt. Det er eit mål at det skal vandre ei stor mengde laks opp fisketrappa og gi naturlig rekruttering i det området. Dette vassdraget er forutan å være verna mot kraftutbygging, også eit nasjonalt laksevassdrag. I slike vassdrag skal det ikkje tillatast inngrep som kan gi skade på villaksstamma.*

*På bakgrunn av dette er det viktig at det ved en eventuell opprusting av Palmafossen kraftverk blir gjennomført nødvendige justeringar og avbøtande tiltak for at ikkje laksebestanden skal bli skadelidande. Det er difor viktig å unngå at smolt blir trekt inn i turbinen. Det vil truleg ikkje vere nok å auke minstevassføringa til 10 m<sup>3</sup>/s i mai. Det vil framleis være ei overvekt av vatn*

*som går gjennom kraftverket og kan gi stort tap av fisk. Aktuelle tiltak for å unngå dette er for eksempel finmaska gitter framfør inntaket, avleiande skjørt, større minstevassføring, eller ein kombinasjon av fleire av desse. Det er viktig at tiltak mot tap av fisk i turbinen vert gjennomført utover smoltutvandringsperioden i mai. Utgytt fisk vil for eksempel kunne vandre ut i perioden november — mai.*

*Vidare er det viktig at tilhøva for oppvandring av fisk i fisketrappa ikkje blir redusert. Isolert sett kan det vere ein fordel at vassføringa i fossen blir redusert, slik at færre fisk vandrar den vegen og forbi inntaket i trappa. Men trappa sin suksess vil også i stor grad vere avhenge av den relative plassering av inntaket i forhold til utløpet av kraftverket. For å unngå at tilhøva for oppvandring av fisk ved tiltaket vert redusert bør dette planleggjast i detalj. Fisken kan eventuelt leiast frå kraftutløpet mot inngangen av trappa. Alternativt bør det vurderast å bygge ei ny fisketrapp på same sida som kraftverket, der inngangen vert lagt slik at flest mulig fisk finn den når dei vandrar i hovudstraumen.*

*Ved brå utfall av kraftverket, vil ein kunne få store vasstandsreduksjonar nedstrøms, med fare for tørrlegging av ungfisk. Det må difor monterast ein automatisk forbisleppingsventil som sikrar at ikkje vasstandsreduksjonen blir for stor. Ettersom avstanden frå inntak til utløp av kraftverket i denne saka er veldig kort, kan det vere at ei automatisk luke i demninga vil kunne fungere like godt.*

*I anleggsfasen kan slam og silttilførsjar til elva pga graving gi negative konsekvensar, og i enda større grad kan innblanding av sement føre til fiskedød. Det er difor viktig at det vert laga ein plan for korleis slik skade ikkje skal oppstå.*

### **Konklusjon**

*På bakgrunn av vassdraget sin status som verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag, særeigen og trua laksestamme og tilhøva som følgje av sterkt redusert vassføring i fossen i dei fleste månadane i året, vil Fylkesmannen rå frå at det bli gitt løyve til opprusting av Palmafossen kraftverk slik søknaden no er presentert.”*

**Hordaland fylkeskommune** vedtok følgende i fylkesutvalget 16.12.2009:

”(…)

*Fylkesutvalet meiner omsøkt opprusting- og utvidingsprosjekt for Palmafossen kraftverk tek omsyn til at elva er eit verna vassdrag og eit laksevassdrag, og rår til at det vert gjeve løyve til utbygginga under føresetnad av slepp av tilstrekkeleg minstevassføring av omsyn til laksen i elva.*

*Fylkesutvalet vil peike på eksisterande kulturmiljø langs elva, og ber om at utbygginga vert tilpassa dei kulturhistoriske kvalitetane i området.*

(…)

*Seksjon for kulturminnevern og museum i Hordaland fylkeskommune vurderar Palmafossen kraftstasjon til å ha kulturminneverdi. Ved riving av verneverdige bygg bør bygningen dokumenterast med foto, teikning og skrifteleg framstilling. Dokumentasjonen skal arkiverast i kommunen og fylkeskommunen.*

(…)

*Gjennom fylkesdelplan for energi 2001-2012 er det vedteke mål og fylkespolitiske retningslinjer som vert nytta som rettesnor for handsaming av vasskraftsaker i Hordaland. Fram til nye*

retningslinjer ligg føre i samband med vedtak av fylkesdelplan for små vasskraftverk i desember er det retningslinjene frå energiplanen som vert lagt til grunn.

(...)

### Vurdering

Aktuelle retningslinjer frå fylkesdelplan for energi:

A1	<i>Hordaland skal satsa på utnytting av miljøvenlege og fornybare energikjelder, utan store konsekvensar for verdifulle natur-, friluftsliv- og kulturlandskap og større samanhengande inngrepsfrie naturområde</i>
A2	<i>Nye anlegg for produksjon og overføring av energi må ikkje lokaliserast i område som er verna etter naturvernlova, kulturminnelova, i nasjonalpark eller i verna vassdrag. Ein bør vere varsam med plassering av nye anlegg tett opp til verna område.</i>
A3	<i>Nye anlegg for produksjon og overføring av energi bør lokaliserast slik at dei ikkje kjem i vesentleg konflikt med viktige natur- og kulturlandskap, kulturmiljø, større inngrepsfrie område, strandsona og viktige område for friluftsliv. Det vert her vist til eigne fylkesdelplanar for kulturminne, friluftsliv og kystsona.</i>
A4	<i>Samlokalisering med tekniske inngrep og etablert arealbruk er ønske/eg for å samle inngrep, og det er ønskeleg at etablering av nye energianlegg skjer nær eksisterande infrastruktur.</i>
A5	<i>Undersøkingssplikta etter kulturminnelova bør oppfyllest i samband med konsekvensutgreiing, og før iverksetting av tiltak i marka.</i>
A6	<i>I samband med konsekvensutgreiing bør:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>• større inngrep visualiserast.</li> <li>• kartunderlag synleggjere område som er omfatta av vern, område med nasjonal og regional verdi og tiltaket sine konsekvensar for "inngrepsfrie område".</li> </ul>
A12	<i>Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor etablering av tippar i terrenget.</i>

Retningsline A1 syner at det ikkje er noko prinsipielt standpunkt mot ny vasskraftutbygging i Hordaland, men at tiltaka må ta omsyn til miljø og arealkonfliktar. Retningsline A2 og A3 er nærare spesifisering kring dette.

Retningsline A2 omhandlar tilhøve til vern og verneinteresser. Utbygginga skjer i eit verna vassdrag og i nasjonalt laksevassdrag. Tiltaket er ikkje ei ny utbygging, men ei opprusting og utviding av eit eksisterande kraftanlegg, noko som det etter regelverket er rom for om det ikkje kjem i konflikt med verneinteressene. Dei tekniske inngrepa skjer innafor eit avgrensa område som alt har ein del inngrep. Hovudeffekten vil vere endra vassføring på ein 90m strekning av elva. For laksesmolt er stor minstevassføring i mai eit viktig avbøtande tiltak, medan laksetrapp og fast minstevassføring gjer det mogeleg for oppvandring av laks om hausten.

Når det gjeld kulturminne er det ut frå fylkeskommunen sine arkiv ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i aktuelt planområde. Utbygginga ser heller ikkje ut til å vere i vesentleg konflikt med andre regionale verdiar som nemnt i retningsline A3.

Utbygginga gjeld opprusting og utviding av eksisterande kraftverk og damanlegg, og vert vurdert å vere i tråd med retningsline A4.

Det er inga tunneldrift i prosjektet. Det er lagt opp til at eventuelle overskotsmassar vert transportert ut og nytta andre stader, som er i samsvar med intensjonen i retningsline A12.

### **Samla vurdering**

Utbygginga skjer i eit verna vassdrag og i eit nasjonalt laksevassdrag. Prosjektet har teke omsyn til desse rammeføresetnadene både i høve omfang av utbygging i terreng, slukevne i kraftverk og bruk av minstevassføring i elva. Slik saka er lagt fram ser det ut til at utbygginga i mindre grad vil ha negativ innverknad på regionale og nasjonale interesser. Ein vil peike på at minstevassføring må fastleggjast ut av omsyn til laksen i elva, og at utbygginga legg vekt på tilpassing til dei kulturhistoriske kvalitetane i området.”

Direktoratet for naturforvaltning skriver i brev av 18.12.2009:

### **”Fylkesmannens vurdering av saken**

Fylkesmannen har foretatt en nøye gjennomgang av saken og har konkludert med å fraråde at det blir gitt konsesjon slik søknaden nå er presentert. I sin vurdering vektlegger Fylkesmannen spesielt vassdragets status som verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Raundalselva er vurdert til å ha svært høy vernestatus og sterkt redusert minstevannføring vil forringe Palmafossens estetiske verdi. Opprustingen vil være i strid med de forhold som lå til grunn for vernevedtaket. I tillegg påpeker Fylkesmannen at økningen i effekten av kraftverket til 3,6 MW ligger godt over tillatt grense for nye kraftverk i verna vassdrag som ligger på 1 MW, og at søknaden i utgangspunktet bør avvises på dette grunnlaget.

Når det gjelder vassdraget som nasjonalt laksevassdrag framhever Fylkesmannen den spesielle verdien Vossovassdraget har idet Vossolaksen er regnet som verdens største atlantiske laksestamme, men som i dag er utrydningstruet. Laksen gyter i dag i mindre omfang oppstrøms Palmafossen, men området er benyttet til rekrutteringsområde gjennom fiskeutsetting, og produserer derfor en stor mengde smolt. Med økt slukeevne er det fare for at utvandrende smolt skal havne i turbinene selv ved en minstevannføring på 10 m<sup>3</sup>/s. En eventuell opprusting må derfor iverksette tiltak for å unngå dette. Dette gjelder også for utvandrende, utgytt fisk. Videre er viktigheten av at fisketrappa fungerer slik den skal, trukket fram. Spesielt viktig er et eventuelt nytt utløps plassering i forhold til trappa, noe som må planlegges i detalj. Viktigheten av en omløpsventil el. ved en eventuell utbygging er også belyst.

### **DNs vurdering**

DN støtter Fylkesmannens vurdering, men ønsker samtidig å benytte anledningen til å tilføye vårt syn på saken. Vi vil spesielt ta utgangspunkt i vassdraget som et nasjonalt laksevassdrag og et verna vassdrag.

### **Nasjonalt laksevassdrag**

Vosso er utpekt som ett av totalt 52 nasjonale laksevassdrag. I St. prp. 32 (2006-2007) Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefiorder kap. 6, tabell 6.1 Beskyttelsesregime for nasjonale laksevassdrag, heter det under tiltak Vassdragsregulering at: "Tiltaket kan ikke gjennomføres når det fører til endring av naturlig vannføring, vanntemperatur, vannkvalitet eller vandringsforhold på lakseførende strekning som er av nevneverdig negativ betydning på laksen". Vossolaksen er en unik laksestamme som det benyttes stor innsats og betydelige summer for å bevare. I henhold til Barlaup (2008) innehar den 7-8 km lange strekningen oppstrøms Palmafossen som er tilgjengelig for anadrom fisk,



trolig et betydelig produksjonspotensial for laks. Så langt har området variert noe med henblikk på naturlig rekruttering, men det har vært økende produksjon på deler av 2000-tallet. Området har samtidig betydning for reetableringsarbeidet av Vossolaksen, noe som forhåpentligvis igjen vil medføre større mengde gytefisk som vil benytte området i framtiden. Strekningen oppstrøms Palmafossen er dermed vurdert til å være sentral i oppbyggingen og framtiden for laksestammen, og en utvidelse og opprusting av kraftverket vil rakst kunne komme i konflikt med beskyttelsesregimet for nasjonale laksevassdrag. Gjennom å tidoble slukeevnen vil bl.a. faren for at smolten havner i turbinene øke kraftig, selv om minstevannføringa i fossen økes under utvandring. Fylkesmannen har vurdert at  $10 \text{ m}^3/\text{s}$  i mai trolig ikke er nok. Erfaringer fra en rekke forsøk og tiltak for forbislipping av smolt over dam tilsier at en betydelig andel av vannføringen må slippes over dammen for å unngå at smolten går i turbinene. Det er videre forsøkt gjennomført en rekke fysiske installasjoner for å hindre at utvandrende smolt skal havne i kraftverksturbiner (f.eks. neddykket inntak, lenser med skjørt, elektriske gjerder, akustiske barrierer, lys etc.). Selv om pågående undersøkelser i Mandalselva har vist positive resultater med henblikk på "å styre" smolten bort fra inntakene, er det fortsatt stor usikkerhet knyttet til effekten av slike tiltak. Spesielt har det vist seg vanskelig å konstruere tiltak som fungerer optimalt på en rekke vannføringer. De samme usikkerhetene knyttet til utvandring av smolt gjelder også for utvandringen av voksen, utgytt fisk.

Også når det gjelder oppvandrende fisk kan en utvidelse og opprusting av kraftverket skape problemer. Spesielt er det plasseringen av kraftverksutløpet i forhold til fisketrappa som kan bli problemet. Fylkesmannen viser til mulige tilpasninger, men framhever samtidig viktigheten av at dette planlegges i detalj. DN vil understreke viktigheten av dette, men vil samtidig vise til usikkerheten som ligger i hvor godt slike tilpasninger faktisk vil fungere. Med utgangspunkt i St.prp. 32 er DN's holdning er at man skal utvise spesielt varsomhet med gjennomføring av nye tiltak i nasjonale laksevassdrag. Med utgangspunkt i dette og de usikkerheter som er knyttet til spesielt utvandringen av smolt og utgytt fisk, men også oppvandrende fisk, mener vi at de skisserte planene i Palmafossen er strid med beskyttelsesregimet for de nasjonale laksevassdragene.

DN vil også påpeke at vi savner en vurdering av vassdragets betydning for ål og det planlagte tiltakets mulige konsekvenser for denne artens vandringer.

### **Verna vassdrag**

Vossovassdraget med Raundalselva ble varig vernet i 1986 (Vp. III). I henhold til St.prp.75 (2003-2004) og påfølgende Innst. S. nr. 116 (2004-2005) Supplering av verneplan for vassdrag, heter det at: "Det kan gis konsesjon til opprusting av eksisterende kraftverk også i verna vassdrag, og det kan gis tillatelse til mindre utvidelse i form av begrenset heving av overvann/senking av undervann og økning av slukeevne. Det er imidlertid en forutsetning at hensynet til den samlede virkningen på verneverdiene i vassdraget ikke taler imot". DN vurderer det dit hen at en tidobling i slukeevne (fra 3 til  $30 \text{ m}^3/\text{s}$ ) ikke faller inn under begrepet begrenset økning av slukeevne. Med en oppjustering av installert effekt fra 0,31 MW til 3,6 MW øker også anlegget fra å være et relativt lite minikraftverk til å bli et småkraftverk. Av nye anlegg i verna vassdrag tillates kun tiltak mindre enn 1 MW. Videre ble vassdraget vernet i sin tid for sine store verdier for vilt- og fiskeinteresser, friluftsliv, kultur og landskap. Fylkesmannen, med sin lokalkunnskap, har vurdert det dit hen at en utvidelse av kraftverket vil være i strid med det som lå til grunn for vernevedtaket. Med bakgrunn i ovennevnte og tidligere omtale av innvirkning på fisk, støtter DN seg til Fylkesmannens vurdering.

## Konklusjon

Med bakgrunn i beskyttelsesregimet for nasjonale laksevassdrag og verna vassdrag vil DN fraråde at det gis konsesjon til den skisserte utvidelsen og opprustingen av Palmafossen kraftverk.”

**Fagråd for anadrom laksefisk i Vossavassdraget skriver i brev av 16.12.2009:**

”Fagrådet fekk planen med Voss energi og har vurdert innhaldet i denne på møte 15. 12. 09 Fagrådet har ein del kommentarar og spørsmål til det som omhandlar miljø og særleg laks og sjøaure (anadrom laksefisk).

1. Slik vi oppfattar omfanget av ny kraftstasjon skal denne kunne nytte opptil  $30\text{m}^3/\text{sek}$ .

Noverande kraftverk  $3\text{m}^3/\text{sek}$ .

Minste vassføring er sett til  $2\text{m}^3/\text{sek}$  med unntak av mai som er  $10\text{m}^3$ .

Fagrådet stiller spørsmål om dette vil vere tilstrekkeleg vassføring i laksetrappa. For at laksetrappa skal fungere må det vere nok vatn til å fylle opp trinna. Opninga i trinna er: breidde 50 cm og djup 60 cm. Dette er minimum for at laksefisk skal kunne vandre opp trappa. Laks og sjøaure som har «tenkt» seg opp laksetrappa i Palmafossen vil i stor grad vandre frå juli til og med oktober. Med berre  $2\text{m}^3$  minstevassføring som skal delast mellom fossen og trappa trur vi dette er for lite. Fagrådet meiner dette må vurderast på nytt.

Minstevassføring er òg veldig viktig i mai når smolt (laksungar) vandrar ut av vassdraget. Ein veit at dersom smolten vert ført inn i turbinen vil mesteparten av desse bli kverka. For å motvirke dette er høg minstevassføring til god hjelp. Smolt på vandring ut er i dei øvre vasslaga og følger hovudstraumen i elva. Dersom det vert monterte skjørt som styrer overflatastraumen vekk frå turbininntaket vil det ha god innverknad på overleving til smolten. Det kan og være andre metodar som bør vurderast i denne samanheng.

Voss klekkeri har sett ut lakseungar oppstraums laksetrapp i mange år og i 2002 fanga vi for fyrste gang lakseyngel som var rekruttert naturleg i Raundalselva. Dette året fann vi mykje sommargammal yngel frå Palmafossen til området like nedanfor skytebanen på Skjerve. Vi veit difor at laksetrappa har fungert. Seinare år har Universitet i Bergen — Uni Miljø hatt fast ungfiskovervaking i Raundalselva.

Fagrådet er difor svært opptekne av at trappa blir minst like god i framtida, eventuelt at det blir bygd ny laksetrapp. I redningsarbeidet med Vossolaksen kan Raundalselva være ein levande genbank for den utryddingstrua laksen. Rømt oppdrettslaks er ein stor trussel for den særeigne Vossolaksen. I ei laksetrapp kan ein sortere vekk rømt oppdrettslaks før dei får gyte i vassdraget. For å sjå om laksetrappa fungerer kan det monterast videoovervaking eller fisketellar i trappa. Fagrådet meiner Voss energi må ha økonomisk ansvar for vedlikehald av laksetrappa

2. I planen vert det vist til at minstevassføring skal fordelast i fossen med eit labyrinth overløp. Fagrådet veit ikkje om dette er ein god måte t.d. ved store flaumar. Vi er usikre om dette kan føre til oppdemming og skade ved flaum. Hausten 2005 var to store flaumar som førte til skadar på bygningar ved Palmafossen. Sommaren 2008 var det ras lenger oppe i Raundalen og mykje skog kom med elva. Fagrådet meiner det er viktig at denne type overløp og vert vurdert i samband med høg vassføring.

3. Fagrådet meiner at i anleggsperioden må det takast særleg hensyn slik at vassdraget ikkje blir påført stor skade med tilslamming og anna ureining.

**4. Fagrådet har som ei oppgåve å ta vare på Vossolaksen. I dag er denne laksen som er verdens største atlantiske laks trua av utrydding. Vossavassdraget fekk i 2006 status som nasjonalt laksevassdrag. Tidlegare er Vossavassdraget verna mot kraftutbygging oppstraums Vangsvatnet.**

*Fagrådet støttar ei opprusting av Palmafossen kraftverk, men det må vere eit klart mål at tilhøva for Vossolaksen vert betre i Raundalselva etter opprustinga enn før.”*

**Statens vegvesen** skriver i brev av 23.11.2009:

”(…)

*Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet, i dette tilfellet fylkesveg (fv) 307. Vår hovudmålsetting er å skapa størst mogleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.*

*Statens vegvesen vil minna om at det må søkjast spesielt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle/ny avkjørsle. Statens vegvesen krev også at detaljerte byggeplanar/tekniske planar for alle tiltak som kan ha konsekvensar for fv 307 med tilhøyrande anlegg vert sendt oss for godkjenning.*

*Området rundt Palmafossen skule og brua over Raundalselva er eit komplekst område med skuleborn, transport til/frå skulen, fotgjengarar og syklistar i tillegg til køyrande. Statens vegvesen set her stort fokus på trafikktryggleiken i området. Ved søknadar og innlevering av byggeplanar/tekniske teikningar til Statens vegvesen ber me om at det også ligg ved vurderingar for korleis tiltaka påverkar trafikktryggleiken i området og ev. kva avbøtande tiltak som kan setjast i verk for å betra trafikktryggleiken.”*

**BKK Nett AS** skriver i brev av 26.10.2009:

”(…)

*Som utredningsansvarlig for det angjeldende område er BKK Nett kjent med at det ikke er ledig nettkapasitet for ny kraftproduksjon i dette området.*

*Det er søkt konsesjon for netttiltak som kan gi nettkapasitet for ny produksjonsinnmating i blant annet Voss kommune, informasjon om dette er tilgjengelig i "Regional kraftsystemutredning for BKK-området og Indre Hardanger" som er tilgjengelig på vår internettside: [www.bkk.no/kraftsystem](http://www.bkk.no/kraftsystem).*

*BKK Nett forutsetter at Voss Energi vurderer nettkapasitet i eget nett og overliggende nett for dette kraftverket, og at det iverksettes nødvendige netttiltak basert på vurderingen før kraftverket eventuelt tillates nettilknytning.”*

**Palmafossen skule** skriver i brev av 10.12.2009:

*”Planen vart drøfta i skulen sitt Samarbeidsutval (SU) på møte 01.12.09.*

*Palmafossen skule har ingen motsegner til planen, men vil koma med desse merknadane:*

- *Innkøyringa til kraftstasjonen i nordenden av brua kryssar elevane sin skuleveg nær brua. Ved innkøyringa ligg det og eit opphøgd gangfelt der elevane må kryssa Tjukkabygdvegen. Ved ei større avkjørsle til kraftstasjonen vil det vera nødvendig å sjå på trafikksituasjonen i dette området på nytt for å få til ein sikker skuleveg for borna. Det vil difor vera eit krav frå skulen med synfaring og møte om trafikksituasjonen før det vert laga plan for området.*

- *Med ei så omfattande utbygging i nærleiken av skulen er det avgjerande at ein får til god sikring for elevane i anleggsperioden. Arbeidet langs elva og skuleområdet må og sikrast når det gjeld støy i anleggsperioden.”*

Øystein Tveita uttalte i e-post av 9.11.2009:

”(…)

*Eg er busett på Palmafossen om lag 200 m frå fossen, og passerer over brua framfor fossen fleire gonger dagleg.*

*Det er difor serleg den visuelle sida av utbygginga eg er oppteken av, sett frå bru-sida.*

*Dammen (demninga) på Palmafossen er i dag ein fin dam med eit vakkert overløp som gjer fossen til eit vakkert skue. Den har også ein viss turistverdi.*

*For å redusera vasshøgda under storflaum (500-årsflaumen) er det planar om å byggja eit "labyrintoverlaup”.*

*Eit slikt labyrintoverlaup vil etter mi meining redusera den visuelle sida av fossen vesentleg.*

*Eg vil difor protestera mot at overlaupet slik det no er, vert øydelagt.*

*Ettersom dei som i dag bur oppstrauts dammen vert skadelidande under storflaum (ikkje p.g.a. påtenkt utbygging i fossen) når vatnet stig svært høgt, skjønar eg at ein reduksjon av vasshøgda kan vera ynskjeleg.*

*Ettersom ein prinsipielt ikkje bør protestera utan å koma med alternative løysingar, kjem eg difor med desse alternative løysingane:*

- *Då det er sagt at dammen uansett skal utbetrast, bygg difor luker i sjølve dammen til å ta unna storflaumen. Ei slik luke kan ha positiv verknad då det vert sterk straum langs botnen som reinskar vassdammen bak demninga for lausmassar når luka vert opna.*

*eller*

- *Bygg vasskanalen med to-tre gonger større tverrsnitt dei første metrane av kanalen. Lag der overløpsluke som slepp overskytande vatn ut av kanalen og ned i fossen på luftsida. Ei slik overløpsluke må vel uansett byggjast for å kunna stengja tilløpet til kraftstasjonen ved vedlikehald o.l. Gjer altså denne overløpsluka større!*

*eller*

- *Bygg kanalen 2-3 gonger større i heile si lengde med tanke på at kraftverket på sikt kan dobla eller tredobla produksjonen ved å installera ein dobbelt så stor maskin i tillegg til den planlagde. Dersom kanalen vert bygd breiare (innover i terrenget), kan han sleppa ut overskytande vatn i enden av kanalen forbi inntaksrøret ved storflaum. Det ville elles ikkje vore noko tap miljømessig om dei alternative planane for eit kraftverk som utnyttar heile fallhøgda (27 m) frå Palmafossen til Bryn ved å laga ein ca 1000 m lang tunnel med kraftverk i elva ved Bryn. Det ville då bli mindre vassføring i sjølve Brynagjelet. Det ville berre vore til det gode for botnfaunaen. Slik det no er i dag, er botn der praktisk tala blankskurt av sterk straum utan nemnande fauna. Ei mindre vassføring (sjølvsagt ei minstevassføring uansett) ville gjera det lettare for fisk og andre organismar å leva i straumen. Difor er ei full utbygging av heile Palmafossen fram til Bryn det beste alternativet, og NVE bør sjå på dette ein gong til.*

*Eg vonar desse synspunkta kan vera til nytte for ei betre utnytting av ressursane i fossen.”*

Ivar K. Møen skriver i brev av 13.12.2009:

***”Merknader til punkt 3.3: Grunnvatn, flaum og erosjon. Erosjon langs elva, oppstrøms dam.***

*I konsekvensanalysen står det at det ikkje er erosjon langs elvebreidda. Eg imøtegår denne påstanden, og hevdar at kvart år tek elva med seg ein god del jordmassar på sørsida der det er bakkekant. Anslagsvis har elvelaupet på 50 år auka med fleire meter. Dersom det ikkje blir sett inn tiltak som motverker dette, vil elva koma til å rasere vegen som går til nabo —eigedomen, gr.nr 190, br.nr 48.”*

## **Søkers kommentar til høringsuttalelsene**

Søker har i brev av 19.5.2010 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

***”Fylkesmannen i Hordaland,***

***Direktoratet for naturforvaltning og***

***Fagråd for anadrom laksefisk i Vossavassdraget***

*Fråsegnene frå Fylkesmannen i Hordaland (FM) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) fårår at konsesjon vert gjeve. Dei grunnjev dette med høve til vassdragsvern og vern om laksestamma i Vossavassdraget. Fagrådet for anadrom laksefisk i Vossavassdraget (FV) er også opptekne av at Vossolaksen vert ivareteken etter ei eventuell ombygging. Vi har difor valt å kommentera desse samla og tematisk.*

***Høve til vassdragsvern.***

*Det ferskaste og mest relevante dokumentet som gjev retningslinjer for å kunne gje konsesjon ved utviding av eksisterande kraftverk i verna vassdrag er: ”Innst. S. nr. 116 (2004-2005): Supplering av verneplan for vernede vassdrag.” Her heiter det m. a: ” Det kan gis konsesjon til opprustning av eksisterende kraftverk også i vernede vassdrag, og det kan gis tillatelse til mindre utvidelse i form av begrenset heving av overvann/senking av undervann og økning av slukeevne. Det er imidlertid en forutsetning at hensynet til den samlede virkningen av verneverdiene i vassdraget ikke talar i mot.”*

***Høve til verneverdiane.***

*For å ta det siste vilkåret først meiner vi klart å ha dokumentert gjennom KU-rapportane i søknaden at ”den samlede virkningen av verneverdiene i vassdraget” ikkje talar i mot at konsesjon vert gjeve. Dette er også Hordaland fylkeskommune samd i som meiner at det omsøkte prosjektet tek omsyn til at elva er eit verna vassdrag og eit laksevassdrag. Fylkeskommunen påpeikar også i si utgreiing, og med henvisning til det underliggjande arbeidet med verneplanen for vassdrag, at (fritt sitert): ”Dei nedre delane av vassdraget er sterkt kulturpåverka med betydelege inngrep i naturen. Verdien som referansevassdrag er liten i låglandet, men at store delar av fjellområda er lite påverka og eignar seg som referanseområde.”*

*DN syner til FM sin uttale, med referanse til FM sin lokalkunnskap, meiner at det omsøkte prosjektet vil vera i strid med det som låg til grunn for vernevedtaket. FM meiner difor at konsesjonssøknaden bør avvist. Vi meiner her at fylkesmannen klart har bomma med sin lokalkunnskap og tolking av det som var grunnlaget for vern. Vår meining er at FM her opererar med ein faktafeil. FM grunnjev også si avvisting med det som står i ”Innst. S. nr. 116 (2004-2005): Supplering av verneplan for vernede vassdrag” om at grensa til å kunne gjeva*

konsesjon er 1 MW, vs. 3,6 MW som det er søkt om. FM har her gjort sin innstilling på feil grunnlag fordi FM ikkje har teke med det unnataket som er omtala i same dokument og som er gjengitt i første avsnitt. På grunnlag av dette er vi usamde i både FM og DN sine vurderingar og konklusjonar.

Høve til avgrensing i fallhøgd og slukeevne.

Når det gjeld avgrensingar i fallhøgd og slukeevne meiner vi her er rom for både fortolkingar og skjøn. Ei tidobling av slukeevna er relativt mykje. Her må det likevel leggjast vekt på kor stor del av middelvassføringa det er tale om, og ikkje minst kor lang elvestrekning som er råka.

Middelvassføringa er 34,9 m<sup>3</sup>/s. Dagens kraftverk har ei maksimal slukeevne som er 8,5 % av denne. Det omsøkte vil verta på 86 %. Ved dimensjonering av nye uregulerte kraftverk er det vanleg at maksimal slukeevne ligg på 200 % og ofte over det. Den råka elvestrekninga er på om lag 100 m. Ved fortolking av kva som det kan gjevast løyve til, meiner vi at det må takast omsyn til alle desse tilhøva.

Alternativ med andre slukeevner enn 30 m<sup>3</sup>/s.

Bakgrunnen for at vi ønskjer å byggja ut det omsøkte alternativet med slukeevne på 30 m<sup>3</sup>/s, er sjølvstøtt å få eit berekraftig kraftverk som både tek omsyn til verneverdiar og andre interesser samstundes som vi kan drifta eit kraftverk med ein tilfredsstillande og forsvarleg økonomi.

I konsesjonssøknaden er det synt eit mindre alternativ med ei slukeevne på 15 m<sup>3</sup>/s. Med 37 % mindre energimengde og ein utbyggingspris som ikkje er akseptabel ligg dette godt under den økonomiske grensa for ei aktuell utviding av kraftverket. Vi har difor rekna på eit par alternativ med to mellomliggjande slukeevner, eit med maksimal slukeevne 20 m<sup>3</sup>/s og eit med 25 m<sup>3</sup>/s.

Resultat:

Maks slukeevne (m <sup>3</sup> /s)	Midlare års produksjon (GWh)	Utbyggingskostnad inkl. ny dam (mill.kr)	Utbyggingspris inkl. ny dam (kr/kWh)
15	10,3	50,2	4,87
20	13,1	53,5	4,08
25	14,8	56,8	3,84
30	16,3	60,3	3,70

Ei viktig årsak til at økonomien vert relativt dårlegare dess mindre slukeevne med tilhøyrande energimengde, er at det ligg store og tunge investeringar i botn for ei opprusting/utviding. Døme på dette er ny dam, ny vassveg og ny kraftstasjonsbygning.

Eit kraftverk med alternative slukeevner mellom 30 og 20 m<sup>3</sup>/s medfører ein utbyggingspris som ligg i grenseland av kva vi reknar som den økonomiske tolegrensa for ei ombygging/utviding av kraftverket. Vi held difor fast ved vårt prioriterte alternativ med å byggja eit kraftverk med ei maksimal slukeevne på 30 m<sup>3</sup>/s, med ei tilhøyrande installert effekt på 3,6 MW. Vi meiner også å ha teke omsyn til natur- og miljøinteresser for dette alternativet.

0-alternativet.

Vidareføring av eksisterande anlegg eller nedlegging, såkalla 0-alternativet, er omtala i eige avsnitt i slutten av brevet.

### ***Høve til laksen og minstevassføring***

*Me er samde med både FM, DN og FV om at tilhøva for vossolaksen må ivareta ved ei eventuell utviding av kraftverket i Palmafossen. Det er vanskeleg for oss å gje ei meir omfattande utgreiing av tilhøva for vossolaksen og framlegg til avbøtande tiltak enn det som Multiconsult v/Rådgivende Biologer AS allereie har gjort i si konsekvensutgreiing, sjå vedlegg 2 frå side 42. Rådgivende Biologer AS er eit vel anerkjent firma med høg kompetanse som er mykje nytta blant anna til KU. Vårt syn er at deira vurderingar er grundige og vi ser ikkje grunnlag til å supplera deira utgreiing. Vi registrerar at FM og DN har noko ulikt syn og oppfatningar på det faglege plan. Dette er ikkje noko nytt i slike saker. Vi vil berre her sterkt understreka at Rådgivande Biologar AS i mange år har forska på vossolaksen og kjenner vassdraget svært godt.*

*Me vil gjerne få gje uttrykk for at alle framlegg til avbøtande tiltak for fiskeinteressene bør endeleg utformast og planleggjast i samråd med fiskebiologar og forvaltning. Kall dette gjerne ein tiltaksplan for vossolaksen i Palmafossen. Vi vil likevel koma med nokre kommentarar til fråsegnene til FM, DN og FV her:*

#### **Oppvandring av fisk. Fisketrapp**

*Eksisterande fisketrapp fungerer dårleg, særleg for aure. Vi ser at tilhøva for oppvandring kan verta endra når det vert auka avløp frå kraftstasjonen og mindre vassføring over dammen. Som FM er inne på kan det vera ein fordel at vassføringa i fossen vert redusert slik at færre fisk vandrar mot fossen og dermed forbi inntaket til troppa. Samstundes er det viktig å få plassert inngangen til fisketrappa og oppnå gode straumtilhøve på ein slik måte at fisken lett kan vandra rett veg. Vi har ikkje konkrete planar for korleis dette kan gjerast no, men vil gje uttrykk for at vi vil gå inn for at dette skal lukkast, også dersom dette gjer det naudsynt å byggja ny fisketropp.*

#### **Utvandring av fisk.**

*FM, DN og FV påpeikar faren for at utvandrande smolt vil gå gjennom turbinen vil auka kraftig med ein nedgang i smoltbestanden som resultat. Vi vil her påpeika ein faktafeil i FM (og DN) i sitt grunnlag for deira vurderingar. FM meiner at det truleg ikkje vil vera nok å auka minstevassføringa til 10 m<sup>3</sup>/s i mai for å redusera faren for at smolten vert trekt inn i inntaket og gjennom turbinen. Den reelle vassføringssituasjonen i mai er at det ikkje er 10 m<sup>3</sup>/s som vil renne over dammen men at det i lengre periodar som hovudregel vil renna mykje meir.*

*Frå driftssimuleringane for produksjon og hydrologi har vi sett på vassføringsdata over dammen for mai månad over heile perioden. Dette er framstilt både som varigheitskurve og tidsseriar i eige vedlegg. Vår hydrologiske analyse syner at det i halve mai vil renna meir over dammen enn gjennom kraftstasjonen. I gjennomsnitt vil det i 9 dagar pr år, vera berre minstevassføringa på 10 m<sup>3</sup>/s som renn over dammen. Som regel skjer dette i byrjinga av mai før snøsmeltinga kjem skikkeleg i gang. Når ein veit at smoltutgangen som regel ikkje startar før vassføringa aukar for alvor, er vår påstand at det sannsynlegvis ikkje vil vera så mange smolt som vil vandra gjennom kraftstasjonen.*

*Rådgivende Biologer har i sin rapport også vurdert denne faren for smoltedød. Dei prøver og talfesta dette nærare. Deira realistiske vurdering er at tapet kan verta ca 300 laksesmolt pr år, noko som tilsvarar eit tap på 0,8 % på bestandsnivå. Dette føreset at berenivået for produksjon av laksesmolt ovanfor Palmafossen er nådd, noko som truleg ikkje har vore tilfelle dei siste 15 åra.*

*Vi syner elles til KU-rapporten og konstaterar at her er forvaltning og fiskebiologar også noko usamde. Likevel ser vi at det kan vera trong for å vurdere fåren for vandring av smolt gjennom turbinen nærare og syner til dei framlegg til tiltak som FM, DN, FV og Rådgivende Biologer gjer framlegg om dersom dette vert aktuelt.*

*Det må også merkast at Rådgivende Biologer set spørsmål ved om ikkje smoltutvandringa startar seinare frå Raundalselva enn frå dei nedre delane av Vossavassdraget. Er dette tilfelle, vil smolten også vandra ut i juni når vassføringa er endå høgare enn i første halvdel i mai.*

#### Minstevassføring

*Som nemnt i avsnittet ovanfor meiner vi at FM (og DN) sine vurderingar av framlegget til minstevassføringa vår er tufta på feil grunnlag. Vårt framlegg til minstevassføring må vurderast i ljøs av det simulerte hydrologiske grunnlaget og ikkje på deira utsagn.*

*Minstevassføringa må sjåast i samanheng med dei andre tiltaka for laksen i Palmafossen som er drøfta ovanfor. Vår vurdering er at den minstevassføringa som det er gjort framlegg om i kombinasjon med den nye dammen, også vil kunne vera til gagn for det estetiske for landskapsopplevinga i Palmafossen. Vi ser såleis ingen grunnlag til å endra framlegget vårt til minstevassføring.*

#### Brå stans i kraftstasjonen

*FM meiner det kan vera fare for turrlegging av ungfisk ved brå stans av kraftverket og gjer framlegg om ei automatisk luke i dammen for å sikra umiddelbar vassføring i elva.*

*Inntakshøgda til vannstanden i inntaket vil liggja like under overløpshøgda til dammen. Ved brå stans i kraftverket vil det gå svært kort tid før vannstanden når overløpet. Med den korte avstanden frå dammen og ned til avløpet frå kraftstasjonen (100 m) og med det bratte fallet vil det vera svært kort tid at eventuell ungfisk vil liggja stranda. Tverrprofilet i elva er her bratt, noko som i seg sjølv medfører liten fare for stranding av ungfisk. Vi syner elles til Rådgivende Biologer sin KU-rapport som har nokolunde same oppfatning.*

#### BKK Nett AS

*Som utgreiingsansvarleg påpeikar BKK Nett at det pr. i dag ikkje er ledig kapasitet i nettet for ny produksjon. BKK har imidlertid søkt om konsesjon for netttiltak.*

*Voss Energi er klar over dette forholdet, og det er omtala i konsesjonssøknaden i pkt. 2.2 under avsnittet "Nettilknytning (kraftleidning/kablar)" på side 8.*

#### Øystein Tveita

*Øystein Tveita er særleg oppteken av den visuelle inntrykket sett frå brua over elva, og då spesielt utforminga av dammen. Han foreslår alternative løysingar til labyrintdam som luker og større vasskanal.*

*Valet av labyrintdam er gjort for å redusere vasstigninga i inntaket ved flaum. Labyrintdam har lengre overløp og betre overløpskapasitet enn vanleg rett dam, noko som gir mindre flaumstigning oppstrøms dammen enn for dam med rett overløp.*

*Dam med luker vil medføre vesentleg høgare investeringskostnader enn labyrintdam, kostnader som etter vår vurdering ikkje kan forsvarast i høve til forventa årsproduksjon for omsøkte kraftverk.*



Vår vurdering er at overløpet frå labyrintdam vil gje eit like fint syn som dagens overløp. I tillegg oppnår ein føremonene med mindre flaumstigning oppstraums dammen, noko som vil vera ein føremon for dei husa som står på sørsida av elva.

### **Statens vegvesen Region vest og**

#### **Palmafossen skule**

Statens vegvesen påpeikar at det må søkjast om utvida bruk av dagens avkøyrsløp/ny avkøyrsløp frå fylkesvegen, og at søknader og byggeplanar m.m. også må innehalda vurderingar av trafikktryggleiken i området.

Palmafossen skule har kommentarar til innkøyringa til kraftverket og trafikksituasjonen med omsyn til skulevegen i området. Vidare påpeikar skulen sikring av området i anleggsperioden, også mot støy.

Voss Energi vil gå i dialog med Statens vegvesen og utforma avkøyrsløp og mogelege avbøtande tiltak i samråd med Statens vegvesen slik at trafikktryggleiken i området vert ivareteken, både i anleggsperioden og når kraftverket er kome i drift.

Kommentarane frå Palmafossen skule omtalar dei same forholda som Statens vegvesen med omsyn til trafikksikring. Voss Energi vil, som nemnt i brevet frå Palmafossen skule, invitera skulen på synfaring og møte for å sjå på og drøfta kva tiltak som bør vurderast slik at arbeidsforholda for elevane og skulen vert best mogeleg ivaretatt.

#### **Ivar K. Møen**

Ivar K. Møen omtalar erosjon langs elva oppstraums dammen og hevdar at omtalen om erosjon i konsesjonssøknaden i pkt. 3.3 øvst på side 17 er feil.

I konsesjonssøknaden står det: "Det er ikkje merke etter flaum eller erosjonsproblem langs Raundalselva på den råka elvestrekninga, og det er heller ikkje forventa at det vil verta erosjonsproblem som følgje av utbygginga." Den råka elvestrekninga er frå damområdet til utløpet av kraftverket – her er det ikkje registrert erosjonsproblem.

Ivar K. Møen omtalar erosjon som ligg oppstraums dammen – dvs. utafor "den råka elvestrekninga".

